



FOLKEAKSJONEN I
HARDANGER
FOR KRAFTOVERFØRING
MED SJØKABEL

WWW.STOPPKRAFTLINJA.NO

Ope brev frå
"Folkeaksjonen i Hardanger"

Spenningsoppgradering mot Bergen

Gjennom ein enkel analyse av kraftforbruket på Kollsnes vil Folkeaksjonen visa at det er forsvarlig å utføra ein spenningsoppgradering.

Eksport av gass frå Trollfeltet via Kollsnes til kontinentet krev årleg kring 20 % av det totale kraftforbruket i Bergensregionen. Kollsnes er ein viktig aktør som står for ca 40 % av norsk gasseksport. Målt i energi utgjer dette omlag 3 gongar den årlege norske vasskraftproduksjonen. Gassco, som er 100 % statseigd, er driftsoperatør både for Kollsnes og nesten heile gassnettet i Noreg, og alle dei norske gassterminalane på kontinentet. Gassproduksjonen frå Troll, og dermed trongen for elektrisk kraft, varierer mykje gjennom året. Kraftbehovet på Kollsnes er lågt i sommarhalvåret og høgt i vinterhalvåret.

Ko-ordinert effektuttak gjennom samarbeid kan i korte periodar vera naudsynt for å oppretthalda forsyningstryggleiken mot Bergen. Kommunikasjonen mellom den største kunden i Bergensregionen, Gassco, og nettleverandøren må difor utviklast.

Sjølv om norsk gasseksport er kjenneteikna av langsiktige avtaler, vert meir og meir gass selt på spotmarknaden. Dette gjev også rom for større fleksibilitet.

Dersom Kollsnes er heilt eller delvis ute av drift, er det enno ein viss reserve i det omfattande gassrørnettet i den såkalla "linepack". Høgt trykk i rørsystemet sikrar avtalte leveransar til kundane i ein tidsperiode. Det må vurderast om denne "linepack", i tillegg til andre operative og tekniske tilhøve, kan utnyttast betre, slik at den samla effektbelastninga i nettet i enkelte høve kan forskyvast noko i tid.

Gassco er i den unike situasjonen at dei har det totale biletet av produksjonen og rørtransporten av gassen som kundane til ei kvar tid har bestilt. Dei veit difor også når det trengst ekstra store kraftmengder.

Ei koordinert samkøying er eit krevjande prosjekt både for Gassco og Statnett/BKK, men alle er erfarne selskap, som tidlegare har teke store utfordringar og løyst dei.

Kollsnes har ein årleg avtala vedlikehaldsperiode på sommaren med redusert gassproduksjon og lågt kraftbehov. I enkelte år er det full stans grunna vedlikehald og naudsynte oppgraderingar. Desse periodane kan sølvsagt utnyttast gjennom eit "transparent planarbeid" mellom Gassco og Statnett/BKK.

Det er tidlegare dokumentert eit godt samarbeid mellom olje – og gasselskapa, og styresmaktene. Den store Sleipner A-plattformen (gass) sakk ved eit uhell i 1991. Det vart målt 3,9 på Richters-skala da plattformen trefte botnen i Gandsfjorden. Hendinga medførte også eit slags "jordskjelv" i gassindustrien, då Sleipner-feltet hadde inngått langsiktige gasskontaktar med avtala oppstartstidspunkt. Gjennom eit samarbeid mellom sentrale aktørar, vart denne utfordringa løyst utan store konsekvensar for kundane. To år seinare var ei ny plattform på plass.

I denne perioden hadde aktørane, via ulike arrangement og ein tett dialog, produsert og levert gass frå andre felt til Sleipners gasskundar på kontinentet.

Ein slik dugnad, i langt mindre omfang, kan om naudsynt vurderast for kortare periodar ved gjennomføringa av ein SOG.

Spenningsoppgradering (SOG) av dei to 300 kV- linjene vil betra dagens kapasitet med ca 2500 MW, som er lik kapasiteten for den planlagde Sima-Samnanger. Utfordringane er store både sommar og vinter. Om vinteren må forsyningstryggleiken for Bergen og Kollsnes vere akseptabel og om sommaren må overproduksjonen av kraft kunne førast ut av regionen. BKK har planar for ein ny 300/420 kV frå Modalen til Troll/Kollsnes, som kan vera ferdig i 2016. Denne vil avlaste dei eksisterande 300 kV linjene mot Bergensregionen og sikra ei stabil heilårsforsyning til Kollsnes. I tillegg er linja med på å "danne ring" rundt Bergen.

Ein SOG vil vere enklare å gjennomføra når kraftlinja frå Kollsnes til Modalen er i drift i 2016. Bergen og Kollsnes vil då ha ein ny forsyningsveg frå Modalen, som også kan avlasta området for overproduksjon i sommarhalvåret. Kraft direkte frå Modalen og Mongstad vil avlasta dei to sårbare 300kV-linjene inn og ut av området.

Konklusjon. Statnett har i sin "Nettutviklingsplan 2010-25" stort fokus på SOG. Dei vil i dei komande åra gjennomføra oppgraderingar andre stader i landet; nettopp for å få ein monaleg kapasitetsauke i nettet. Statnett presiserer også at mange oppgraderingar vil vere samfunnsøkonomisk ulønnsame. Vidare presiserer både Statnett og NVE at eksisterande nett (og trase) skal utnyttast maksimalt.

Ved å snu prosessen i Hardanger og spenningsoppgradere først, kan Statnett langt på veg spara 600 mill. kroner, som det vil koste å byggja Sima-Samnanger. Samtidig har dei også spart landskapet i Hardanger for svært øydeleggjande naturinngrep.

Tidenes kaldaste vinter har vist at kraftforsyninga til Bergen fungerer under maksimale effektuttak. Gode rutinar på vedlikehald, kombinert med innsatsvilje, vil også vere nøkkelmoment under ein komande SOG.

Folkeaksjonen i Hardanger, med alle politiske parti i Hordaland, ynskjer og oppfordrar på det sterkaste til ei ny vurdering av saka. Ei gild utgreiing vil i ettertid vere den beste dokumentasjonen for ein open demokratisk prosess.

I

På vegne av Folkeaksjonen i Hardanger

Jan Ivar Rødland Granvin herad
Mona Hellesnes Ulvik herad
Klaus Rasmussen Sekretær i "Folkeaksjonen i Hardanger"

www.stoppkraftlinja.no

Øystese, Hardanger 25.03.10

"Folkeaksjonen i Hardanger" er støtta av:



Hardangerrådet



GRANVIN HERAD



KVAM HERAD



ULVIK HERAD